

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 23.03.2006
Sakshandsamar: Hans Stenby og Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Skisseprosjekt nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling Helse Stavanger**

Styresak 039/06 B

Styremøte 03.05. 2006

Bakgrunn

Saka gjeld nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling ved Stavanger Universitetssjukehus Helse Stavanger HF.

Styret i Helse Stavanger behandla sak om skisseprosjekt for nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling i møte 09.09.05. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Forslag til skisseprosjekt for BUP godkjennes som grunnlag for vidare arbeid. Styret legger til grunn en foreløpig kostnadsramme på kr 184 mill (februar 2005) – alt inkludert.
2. Saken oversendes Helse Vest RHF for godkjenning og avklaring om finansiering. Økte driftskostnader som følge av prosjektet forutsettes dekket gjennom opptrappingsplanen for psykiatri.
3. Forslag til forprosjekt og endelige rammer for utbyggingsprosjektet vil bli fremlagt for styret for vedtak.
4. Ved utlysning av anbudskonkurranse må det tas forbehold om at styret vil kunne forkaste utfallet av konkurransen dersom resultatet ikke er tilfredsstillende.
5. Det utarbeides oversikt over de driftsøkonomiske konsekvenser i tråd med gjeldende retningslinjer.

Ei nærare utdjuping av driftsøkonomien i prosjektet blei lagt fram i møte 17.10.05.

Saka er i brev av 07.11.05 sendt Helse Vest RHF til behandling. Eit prosjekt i denne størrelse skal behandlast av styret i Helse Vest etter konseptfasen og etter gjennomført forprosjekt.

Saka gjeld no godkjenning av skisseprosjekt dvs at konseptfasen er gjennomført.

Kommentarar

1. Konseptfasen

Konseptfasen er ein utredningsmessig mellomfase for å få eit meir kvalifisert underlag før det blir gjort vedtak om at eventuell programmering og prosjektering kan setjast i verk. Prosjektet skal vurderast mellom anna i høve til:

- prosjektet si plassering i forhold til det regionale helseføretaket sitt totale tilbod med avgrensing til andre sjukehus, spesialitetar og funksjoner
- vurdering av alternative investeringar, med grunngjeving for valt alternativ og lokalisering,
- lønsemdsanalyse inklusive økonomiske konsekvensar,
- økonomiske føresetnader for realisering av prosjektet og
- plan for forprosjekt (tidsplan, kostnadsramme, organisering mv.)

2. Beskriving av prosjektet

Noverande lokale for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling på sjukehusområdet inneheld eit dag/døgntilbod for barn med 6 plassar, 4 døgnplassar og 2 dagplassar, ein behandlingspost for barn med 2 plassar, 1 døgnplass og 1 dagplass og ein familiepost med 2 plassar. Det er vidare 2 sengepostar med kvar 6 plassar for ungdom i sjukehusbygget kor dei vaksenpsykiatriske tenester er. I leigde lokale i Hillevåg er det polikliniske tenester. Avdelinga yter og ambulante tenester. Skuletilbodet gis av Møllehagen skolesenter.

Skisseprosjektet inneheld:

- poliklinikk
- akuttpost for barn med dag- og døgnplassar
- behandlingspost for barn med dag- og døgnplassar
- behandlingspost for ungdom med dag- og døgnplassar
- familiepost
- lokale for mobilt team (MoT) barn, ambulant team ungdom og autismeteam
- kontor for behandlarar og sekretær frå eksisterande sengepostar for ungdom

Det er i prosjektet lagt inn ein auke i dag- og døgnplassar:

- dagplassar for barn er auka frå 3 til 6 plassar
- døgnplassar for barn er auka frå 5 til 8 plassar
- for ungdom er det 4 nye dagplassar
- døgnplassar for ungdom er auka frå 12 til 15 plassar
- familieplassane er auka frå 2 til 3.

Samla er talet døgnplassar auka frå 19 til 26 mens tal dagplassar er auka frå 3 til 10. Døgnplassane for barn er retta mot korttidsutredning og noko lengre behandlingsopphald.

Prosjektet inneber at ein og bygger nye lokale for dei to postane for ungdom som i dag ligg saman med dei vaksenpsykiatriske postane i sjukehusbygget. Det er grunna med behovet for å kunne auke talet på plassar i vaksenpsykiatrien og at ein får samla barne- og ungdomspsykiatrien.

Til grunn for dimensjonering av poliklinikken ligg det ei vurdering av kor mange stillingar som er naudsynte for å gi tilbod til ca 5 % av barne- og ungdomsbefolkninga i Stavanger. Helse Stavanger har her ei særleg utfordring da føretaket har hatt låg dekningsgrad. I 2004 var dekningsgraden 2,7 % av barne- og ungdomsgruppa (Samdata psykisk helsevern 2004).

Det er samla lagt til grunn ei auke på 57 stillingar til samla 213 stillingar.

Bruttoarealet er på 5 709 m². I tillegg kjem teknisk rom og utvendige bodar på til saman 203 m².

Nettoarealet er på 3 561 m² som gir ein brutto/nettofaktor på 1,60.

Kostnadsramma er pr februar 2005 sett til 184 mill. kr.

Det er valt eit bygningskonsept med tre hovuddelar, område for barn, område for ungdom og fellesareal med poliklinikkar. Dei tre hovuddelane vert bundne saman av tverrgåande funksjonar og trafikkareal.

Det midtre bygget med fellesareal og poliklinikkar er på fire plan mens dag- og døgntilbodet er på eit plan.

Utbyggingsområdet ligg søraust på dagens sjukehusområde. Arealet er avgrensa frå hovudbygget til psykiatrisk klinikk (vaksenpsykiatrien) med ei byggeforbodssone knytt til vegforbindelsen aust-vest som går i tunnel under sjukehusområdet.

Å leggja bygget på sjukehusområdet kan redusera andre utbyggingsmoglegheiter på området. På den andre sida ligg dette tomteområdet sånn til at det er vanskeleg å nytta i ei større utbygging av den somatiske delen av sjukehuset, bl.a. som følgje av tunnelen under området.

3. Prosjektets plassering i forhold til det regionale helseføretakets totale tilbod

Barne- og ungdomspsykiatrien i Helse Stavanger består av:

- Poliklinikken i Eigersund
- Poliklinikken på Bryne
- Poliklinikken i Sandnes
- Poliklinikk, dag- og døgntilbod i Stavanger

Tilbodet i Stavanger er lokalisert på sjukehusområdet og i leigde lokale i Hillevåg, dvs i kort avstand frå sjukehuset.

Det nye bygget skal samla eksisterande tenester og gje rom for ein styrking av tilbodet i tråd med intensjonane i opptrappingsplanen for psykisk helse.

Utbygginga har ikkje konsekvens for oppgåvefordeling og pasientstraumane i regionen.

4. Vurdering av alternative investeringar

Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien har over fleire år vore ei prioritert oppgåve i Helse Stavanger. Dei gamle lokala på sjukehusområdet er for små og lite egna. Utviklinga av tenestetilbodet har i stor grad skjedd gjennom oppbygging av desentrale tenestetilbod og ved å nytta leige av areal i Stavanger.

Det er fleire år sidan ein starta planarbeidet med nytt bygg. På grunn av høge kostnadar har ein ikkje sett grunnlag for å gå vidare med saka. Prosjektet blei i si tid vurdert i samband med investeringsprosjekta i den nasjonal opptrappingsplanen for psykisk helse. Det var berre poliklinikkdelen som vart godkjent innanfor ramma. Poliklinikkdelen inngår såleis i dei prosjekta som Helse Vest RHF har ansvar for å realisera i opptrappingsplanen. Helse Stavanger har heile tida holde på at ein treng eit prosjekt som og omfattar dag- og døgntilbodet til barn og aller helst og nye sengepostar for ungdom. Det er grunna med at

dagens lokale for barn er uegna og at ein treng fleire plassar, og dei to postane for ungdom som i dag ligg saman med vaksenpsykiatrien bør overflyttast til eit nytt felles bygg for barn og ungdom. Gjennom dette gjer ein rom for ei utviding innan vaksenpsykiatrien.

I det prosjektet som no ligg føre har ein på nytt søkt å redusera arealet og kostnadane.

Alternativet til ei utbygging vil vere utvida leigeløysingar utafor sjukehusområdet slik at heile verksemda blir flytta.

Det er ein mogeligheit sjølv om det kan vere vanskeleg å finna eigna lokale for ein hensiktsmessig samling av funksjonane med mindre ein går inn i ei nybygg løysing.

Det er gevinstar ved tett samordning til dei andre funksjonane innan psykiatri og somatikk på sjukehusområdet. Ein har såleis valt ei løysing med utbygging her.

5. Lønsemdsanalyse inklusive økonomiske konsekvensar

Samla byggekostnad er utrekna til kr 184 mill. med basis i prisnivå pr. januar 2005. I tillegg kjem renter på byggjelån. Den samla investeringskostnaden er:

Prosjektkostnad BUP (ekskl. eksisterande sengepost ungdom)	kr 129 mill
Riving eksisterande bygg	5 "
Utstyr	12 "
Reserve	13 "
To døgnposter for ungdom flyttast frå hovudbygning	25 "
Sum	<u>kr 184 mill</u>

Som nemnd ovanfor i saka er det berre den polikliniske delen av prosjektet som inngår i opptrappingsplanen for psykiatri. Denne delen utgjer om lag kr 55 mill og er eit prosjekt som Helse Stavanger har krav på seg til å gjennomføre. Det samla investeringsprosjektet må gjennomførast innafor gjeldande driftsramme og gjennom opptak av byggjelån hos staten. Avskrivingsmidlar knytt til investeringar i opptrappingsplanen er innarbeida i basisramma/tilskot til avskrivingar og det blir derfor ikkje gitt noko særskild tilskot ut over denne ramma.

Dei driftsmessige konsekvensane ved å gjennomføre prosjektet vil første året med drift utgjere følgjande:

Auka lønskostnader til BUPA og autismeteam	kr 40,9 mill
Andre driftsutgifter	2,7 "
Bortfall av dagens leigekostnadar og andre interne kostnadar	- 8,8 "
Avskrivingar investering (37 år i snitt)	5,0 "
Rentekostnad	3,7 "
Andre bygningsmessige kostnader	5,3 "
Sum kostnadsauke	<u>kr 48,8 mill</u>
Auka polikliniske inntekter	- 2,5 "
Netto kostnadsauke	<u>kr 46,3 mill</u>

Styret i Helse Stavanger HF har i si sak føresett at auka driftskostnadar blir dekt gjennom opptrappingsplanen for psykisk helse. Det er no to år igjen av denne planen – 2007 og 2008. Det er ikkje klart kor mykje midlar Helse Vest eller Helse Stavanger vil få til opptrapping i desse to åra. Det er likevel ikkje sannsynleg at Helse Stavanger i desse to åra vil få nye midlar som tilsvarar auken i lønnskostnader slik det går fram ovanfor.

Helse Stavanger må planleggje prosjektet på ein slik måte at drifta til einkvar tid kan innpassast innfor den samla inntektsramma. I samband med framlegg av prosjektet til endeleg godkjenning (forprosjekt), må det leggst fram ei økonomisk kalkyle som viser korleis Helse Stavanger klarer å tilpasse drift av BUPA og samtidig innfri eit resultatkrav i balanse.

6. Økonomiske føresetnader for realisering av prosjektet

Helse Stavanger har eit samla investeringsbehov som overstig dei midlane som ligg i basisramma frå Helse Vest. Gjennomføring av investeringsprosjektet føreset derfor at Helse Stavanger kan ta opp lån hos staten. Då desse låna blir budsjettert over statsbudsjettet med eit år av gangen, vil det vere nødvendig å planlegge framdrifta av prosjektet med bakgrunn i denne situasjonen. Helse Vest har fått tildelt kr 550 mill i lån til investeringar i 2006. Midlane blir prioritert til investeringar i opptrappingsplanen, nytt akuttmottak med observasjonseining i Helse Stavanger og nytt lab.bygg i Helse Bergen. Det blir her vist til sak 007/06 B vedkommande fordeling av lån til investeringar.

Helse Stavanger må prioritere og gjennomføre investeringsprosjekta sine innanfor følgjande rammer:

- avskrivingsmidlar i basisramma (kr 184,7 mill i 2006)
- lån til investeringar (blir fastsett årleg i statsbudsjettet)
- bruk/omprioritering av midlar i basisramma til å dekke investeringar
- kortsiktig kan ein nytte driftskreditt dersom låneramma eit år ikkje er tilstrekkeleg til å fullføre investeringsprosjektet

I samband med at prosjektet blir lagt fram til endeleg godkjenning må Helse Stavanger utarbeide ei samla oversikt over investeringsprosjekt som viser korleis desse vil påverke den samla driftsøkonomien og korleis dette finansielt kan gjennomførast. Ei slik analyse må følgje saksgrunnlaget som blir lagt fram ved endelig godkjenning av prosjektet (forprosjektet).

7. Plan for forprosjekt

Det er lagt til grunn at ein kan henta inn anbod i november 2006.

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner vidare planlegging av nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling, Helse Stavanger basert på gjennomført skisseprosjekt/konseptfase
2. Styret legg til grunn at prosjektet kan vidareførast til forprosjekt innfor dei investerings- og driftskalkylar som ligg føre i saka. Dette utgjør:
 - a. Investeringskostnad på kr 184 mill
 - b. Auka netto driftskostnad pr år på kr 46 mill
3. Auka driftskostnadar må dekkast innfor Helse Stavanger HF sitt budsjett og føretaket sin del av nye midlar i opptrappingsplanen for psykisk helse.
4. Helse Stavanger HF må i samband med forprosjektet leggja fram ei økonomisk kalkyle som viser korleis føretaket kan finansiera drifta av bygget med opptrappingsmidlar og eigne midlar og samtidig innfri eit resultatkrav i balanse.

5. Helse Stavanger HF må og i samband med forprosjektet utarbeide ei samla oversikt over investeringsprosjekta som viser korleis desse vil påverke den samla driftsøkonomien og korleis dette finansielt kan gjennomførast.
6. Saka blir lagt fram på nytt for godkjenning etter gjennomført forprosjekt